



VEDTEKTER FOR FITJAR KYRKJEGARD

Vedteke i Fitjar kyrkjelege fellesråd den 18.9.2014

Godkjent av Bjørgvin bispedømmeråd den 28.7.2014

Vedtektene er heimla i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om "gravplasser, kremasjon og gravferd" (Gravferdsloven) § 21.

§ 1 FORVALTNING

Fitjar kyrkjegard er underlagt Fitjar kyrkjelege fellesråd (FR) sin administrasjon og ansvarsområde.

§ 2 TILHØYRING

Personar innan kommunen skal gravleggjast på Fitjar kyrkjegard. Personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet kan gravleggjast på same vilkår som fastbuande, etter løyve frå kyrkjeleg fellesråd. Personar som ikkje er busette i kommunen kan få gravplass mot at det vert betalt dei avgifter som til ei kvart tid gjeld.

§ 3 FREDNINGSTID OG FESTETID

Fredingstid for urnegraver er 20 år. Fredingstid for kistegraver er 20 år.

Festetida er 10 år, og kan fornyast inntil 60 år etter siste gravlegging.

§ 4 FESTE AV GRAV

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av . Etter godkjenning frå kyrkjeleg fellesråd kan ein festa 1 ekstra grav i tillegg, når det er særskilt bruk for det.

Graver som er festa saman utgjer ein gravstad. Det må betalast festeavgift for den/dei sidegravene som ikkje er nytta til gravlegging.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 10 år. Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast, utan særskilt samtykkje frå kyrkjeleg fellesråd.

Festaren skal varslast når festetida er ute. Dersom festet ikkje er fornya innan 6 månader, fell grava tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggjast i festa grav utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan kyrkjeleg fellesråd avgjera spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melda frå om endring av adresse.

§ 5 GRAV OG GRAVMINNE

Når ein opnar ei grav kan jordmassane mellombels leggst på gravene rundt og utstyr på gravene kan flyttast. Tilsette på gravplassen syt for at det vert planert og sådd etter gravlegging.

Fellesrådet v/ kyrkjeverja skal godkjenne gravminne, plassering og fundament før oppsetjing.



§ 6 PLANTER OG UTSTYR PÅ GRAVA

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgde med bakken på sida. Plantefeltet må ikkje vera breiare enn gravminnet, men kan i alle høve ha opp til 60 cm breidde. Det kan ikkje stikka lenger fram enn 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

Det kan ikkje plantast vekstar som overstig høgda på gravminnet eller at det går ut over plantefeltet.

Plantefeltet kan rammast inn med steinkant som fluktar med terrenget rundt.

Planter, kransar og liknande materiale som blir brukt ved gravferd eller ved pynting av grav og som ender som avfall, skal vera komposterbart.

§ 7 STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for frigrav eller festegrav har rett og plikt til å stella den grava som ein har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert planta og stelt, skal såast til av den ansvarlege eller av tilsette på gravplassen.

§ 8 GRAVSTELLSAVTALE

Ved innbetaling av et bestemt beløp frå den ansvarlige for frigrav eller frå festar, vil kyrkjeleg fellestråd overta ansvaret for planting og stell av grava for eitt eller fleire år. Innbetalt beløp med tillegg av renter skal dekke utgifter til vanleg stell, administrasjon, revisjon og evt. meirverdiavgift for eit fastsett tidsrom. Det blir oppretta ein gravstellavtale for gravstaden. Gravstellkonto kan ikkje opprettast for lengre tid enn festetida. Dersom det i avtaleperioden oppstår slike økonomiske forhold at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjeleg fellestråd gi melding til den ansvarlege festaren. Det er då mulig å auke kontoen slik at det varer tida ut. Dersom det er midlar att av kontoen når tida er ute, blir desse brukt til prydnad på kyrkjegarden. Kapitalen frå dei ulike avtalen vert forvalta felles og går inn som ein del av fellestrådet sitt rekneskap, men det skal brukast undersystem/reskontro som til ei kvar tid held greie på bevegelsar og attståande beløp på den einskilde avtale.

§ 9 BÅREROM

Kyrkjeleg fellestråd disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på døde i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge til bårerom utan løyve. Syning av den døde kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syt for gravferda.

§ 10 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassen skal ha løyve frå kyrkjeleg fellestråd. Løyve kan trekkjast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatta montering og vedlikehald av gravminne, og planting og stell av graver.

Tilsette på gravplassen kan ikkje mot betaling utføra tenester for private eller næringsdrivande utan at det er gjort særskilt avtale med fellestrådet. Dei kan heller ikkje engasjera seg i sal av varer som har med gravplassen å gjera.